

Naustdal jakt og Fiskelag sone 4 (Øvre Naustdal Utmarkslag)

Årsmelding 2010.

Styret

Styret har i 2010 vore samansett av
Normund Svoen – leiar
Odd Vonen – nestleiar
Kjell Klopstad – sekretær
Olav R. Fimland – kasserar
Petter Fimland – styremedlem

Kontaktpersonar

Vernesaker Olav Svoen
Småvilt Gudmund Eimhjellen
Villrein Atle Fimland
Stimerkingsprosjektet ”Over stokk og stein” Arne Dvergsdal

Nettsida

I samarbeid med Ola Kringlen som styrer nettsida ”Vonaportalen” har ØNU laga si eiga heimeside under denne. Det er laga eigne faner for styresaker, medlemsoversikt, vedtekter, årsmøte, villrein, småvilt, fiske og vern. I tillegg har laget inngått samarbeid med Instedalen Storvald om presentasjon av deira saker; bl.a. har vi i jakttida forsøkt å halde oppdatert ein hjortebørs vedr. avskytinga. Vi presenterer alt nytt stoff under fana ”Siste nytt”. Nettsida har ma vore i aktiv bruk aktivt no i høve årsmøtet.

Det kan også nemnast at det er oppretta ei mobiltelefonnummer-liste som ligg på nettet (online) og som effektivt kan brukast for å sende ut tekstmeldingar med viktig info til medlemmane. Denne lista er brukt 2 ggr. allereie.

Styremøter

Styret hadde i 2010 tre styremøter og handsama 28 saker. Sakslistar og referat frå møta ligg på nettsida under ”Styresaker”.

Det blei på førre årsmøte flagga stor semje om å endre namnet frå Naustdal Jakt og Fiskelag sone 4 til Øvre Naustdal Utmarkslag – eit forslag som blei reist på årsmøtet. Styret har valt å bruke det nye namnet i all kommunikasjon siste året med tru på at det vil bli godkjent på dette årsmøtet.

Fiskekortsalg

Fiskekortsalget har gått sin gang siste året. Inntektene frå dette salget er dei einaste faste inntektene for laget og styret har vurdert endringar i salget for å gjere fiskekort i vårt område meir tilgjengeleg for interesserte. Saka blir tatt opp under aktuelt.

Rusefisket i Vonavatnet

Rusa stod i år ute frå 31. juli til 16. oktober. Fangstane i år var skuffande med ca.1 bømte pr. veke. Snittvekt på fisken låg omkring 50-60 gram; flest småaure, men på slutten mest røyr. Kvaliteten på fisken i det området rusa har stått har nok ikkje betra seg sidan rusefisket starta for nokre år sidan. Kor vidt rusefisket slik det til no har vore gjennomført er ein effektiv måte å kultivere fiskebestanden i Vonavatnet er nok vanskeleg å dokumentere. Styret må gjere ei evaluering av rusefisket før neste sesong. Uansett takk til dei som har bidrege med utsetting og opptaking av rusa samt røking i dei 6 vekene den stod ute.

Reinsdyrjakt

Førdefjella Villreinområde opna i år igjen for villreinjakt. Naustdal fekk tildelt 2 dyr, ein ungbukk og ei simle. Styret trekte ut 2 grunneigarar blant 11 søkarar, og etter det ein forstår blei begge dyra felt. Meir på nettsidene under ”Villrein”,

Småviltjakt

Gudmund Eimhjellen har laga eit rapportskjema for småviltjakt/observasjonar til utfylling av dei som har drive småviltjakt i området til ØNU denne jaktseongen. Skjemaet ligg på nettsidene under ”Småvilt”. Skjemaet skal

bidra til å kartlegge stoda vedr. småvilt i område og til laget si vurdering ifht jakttrykk. Førebels har styret ikkje fremja noko sak vedr. totafreding av småviltet i vårt område som blei reist forslag om ved førre årsmøte. Styret vonar at småviltjegarar fyller ut skjemaet og sender til Gudmund Eimhjellen slik som bedt om. Evt, tiltak ifht småviltjakta vil bli vurdert av styret i løpet av dette året.

Saker vedr. landskapsvernområdet

20. nov. arrangerte ØNU eit ope møte ved Instedalen skule. Tema var:

Landskapsvernet, status i arbeidet med forvaltningsplanen

Landskapsvernet, ansvar, pengar og forvaltning

Samfunnsutvikling i Instedalen, utfordringar og moglegheiter

Frå Naustdal kommune møtte Håkon Myrvang, Annlaug Kjelstad og Arne Kringlen. Frå Statens Naturoppsyn møtte Rune Holen.

Dei blei eit interessant møte med frisk debatt. Vel 20 personar møtte opp. Referat med linkar til foredraga er lagt ut på nettsidene våre under "Vern". Frå salen kom der kritikk mot prioriteringane kommunen hadde gjort vedr. bruk av midlar for bruk til tiltak i randsonen til LVO. Det er varsla eit nytt møte våren 2011, der prioriteringar vedr. bruk av restsummen skal gjerast. Under møtet kom det garantiar frå Naustdal kommune om at ny ferist i Nes-geila skal vere på plass før beitesesongen 2011. Det er også i løpet av våren varsla ein høyringsrunde vedr. regelverk for LV-området.

Seint hausten 2010 blei det klart at regjeringa ynskjer ei ny vurdering av trasevalg for 420 kV-ledning Ørskog-Fardal. Dette vil evt. fått konsekvensar for Instedalen der det gamle trasevalget 2.0 – 1.18 som no blir tatt fram att, er planlagt gjennom Trodalen. ØNU har sendt protest på dette til Statnett, samt delteke på møte i Naustdal kommunehus om same. Vi har lagt vekt på paradokset ved at ein først vernar eit stort område i Instedalen p.g.a. den urøyvde naturen, for så å legge ei svær visuelt skjemmaende kraftlinje i inngangsporten til dette området. Saka er lagt ut på nettsidene våre under "Vern". Som kjent blei saka vår presentert i Firda julafta, samt kommentert redaksjonelt i same avis i romjula. I møte med Statnett virker det som at vi har stor støtte derfrå i vår argumentasjon. Uansett vil det komme ein ny høyringsrunde i denne saka som styret vil gje vår uttale til. Vi har samkjørt arbeidet vårt i denne saka med Instedalen grendalag.

Olav Svoen, som er laget sin representant i vernesaker, har gjort eit stort arbeid vedr. registrering av fiskevatn og bygningar i LV-området. Han deltok også på 615 konferansen i Hyen i april – Næring og turisme i Verneland.

Styret har dessutan hatt til høyring ein del saker som gjeld snøscooterkjøring og anna motorisert ferdsel i området. Sakene er omtalt på nettsidene under "Vern".

Over stakk og stein

ØNU har uttalt seg vedr. stimerkingsprosjektet i Naustdal kommune. Fleire stier er planlagt i ØNU medlemmane sine områder. Meir om dette kan lesast om på nettsidene under "Styresaker".

Vonadagen

ØNU blei utfordra av bl.a. 4H v/ Leiv Sjølvberg til å delta ved Vonadagen 2010. Forum for Natur og Friluftsliv stod bak arrangementet. Sjølvberg skriv i ein omtale i Firda etter arrangementet:

"Vonadagen sist søndag var ei vandring og oppleving i kulturlandskapet som sette fokus på tradisjonane som knyter seg til stølsdrift utslåtter og drift av kulturlandskapet. Kulturminna finst i landskapet, men det er kunnskapen kring dei som hastar med å registrere og ta vare på."

Ca. 30 personarf deltok på tuen over Nesstølen og langt fleire møtte opp på Vona. ØNU hadde ansvar for båtskyss over Vonavatnet og guida tur til Vona garden via Nesstølen.

Meir om arrangementet på nettsidene under siste nytt 19.08 og 07.09. 2010.

Oppsummering

ØNU har vel totalt sett hatt eit rimeleg aktivt år. Av dei viktigaste hendingane er nok oppretting av nettside og mobilliste for å kunne ha god kontakt med medlemmane. Ein har kanskje sakna meir tilbakemeldingar frå medlemmane korleis dette fungerer. Elles har laget utfordringar når det gjeld LVO og randsona. Her blir det nok mange og viktige saker i tida framover. Når det gjeld gjeld jakt er vi glad for samarbeidet vi har fått til med Instedalen Storvald, både med nettsida og no årsmøtet. Vi er også glade for samarbeidet med Instedalen grendalag som vil bli enno viktigare i tida framover. Villreinjakta er ikkje regulert av oss aleine, men så lenge det blir tildelt dyr vil sjølvsagt ta ut desse. Elles har vi som utmarkslag i dette området eit sjølvstendig ansvar i å forvalte den skjøre villreinsdyrstammen som oppheld seg her. Småviltssituasjonen er også marginal. Jaktpresset

er dog beskjedent og kor vidt bestanden er jaktbar i framtida må det skje vidare vurdering av. Når det gjeld fiskeforvaltning så lyt det her også gjerast vurderingar i løpet av året.
Takker dei øvreste styremedlemene og kontaktpersonane for godt samarbeid.

26.02.2011
For styret

Normund Svoen
Leiar